



**Informasjonssenteret Hieronimus**  
**Boks 1752 5816 Bergen**  
**Tlf 55560304**  
**Web: [hieronimus.org](http://hieronimus.org)**

Justis- og beredskapsdepartementet  
Lovavdelingen  
postboks 8005 Dep  
0030 Oslo  
[lovavdelingen@jd.dep.no](mailto:lovavdelingen@jd.dep.no)

Lonevåg 24.10.2012

**Høyringsfråsegn frå Informasjonssenteret Hieronimus om «Forslag til endring av definisjonen av når en handling er begått 'offentlig' i straffelova 1902 – ytringer mv. fremsatt på internett»**

Hieronimus er imot å utvida definisjonen av «offentlig» i straffelova 1902, då dette vil innskrenka ytringsfridomen på Internett. Me er kjende med at den vedtekne, men ikkje iverksette, straffelova 2005 òg på nokre område vil innskrenka ytringsfridomen på Internett i høve til gjeldande straffelov 1902, men me er også imot paragrafane i straffelova 2005 som set grenser for ytringsfridomen.

Bakgrunnen for motstanden vår mot høyringsframlegget er m.a. at menneske med psykiske lidingar som vert utsette for overgrep i psykiatrien og som ikkje vert trudde av Fylkesleger, Kontrollkommisjonen og/eller rettsapparatet, treng den tryggingsventilen som ligg i å koma med sterke ytringar på t.d. bloggar og sosiale medium. Det same gjeld for kvinner i valdelege parforhold som ikkje vert trudde av politi og rettsstell eller som har ein valdeleg mann som er i ein maktposisjon.

Informasjonssenteret Hieronimus er ein sjølvhjelpsorganisasjon for menneske med angst og depresjon, og kvinner i valdelege parforhold, difor er dette viktig for oss.

Å utvida definisjonen av «offentlig» i straffelova 1902, vil kunna innskrenka ytringsfridomen tilsvarande, og det er me imot. Me oppmodar om at høyringsframlegget vert forkasta.

Med venleg helsing  
Arve Kirkevik,  
styremedlem i Informasjonssenteret Hieronimus  
[www.hieronimus.org](http://www.hieronimus.org)